



Landbruksavdelinga

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1969 - 18/26423

Saksbehandlar:

Anne Lise Molvik

anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:

31.08.2018

Førebels svar med trong for tilleggsinformasjon - gbnr 220/2 Aurdal store

Tiltak: oppretting av ny grunneigedom

Byggjestad: Gbnr: 220/2

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar: Oster Pukk og Sand AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 26.06.2018.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande:

Tiltaket

Kommunen kan ikkje handsama saka ut frå ei skildring av arealet i ein kjøpekontrakt. Det må gå klart fram av søknaden kva areal som skal delast frå, bruk av arealet og anna spesifikasjon av parsellen.

Det må sendast inn ein søknad for kvar parsell som skal delast frå. Det vil seia ein søknad for arealet som skal overdragast til Oddvar Urdal og ein søknad for arealet som skal overdragast til bnr 9.

Situasjonskart

Det må sendast inn situasjonskart der det klart går fram kva del av eigedomen som skal delast frå. Kart vert send per post saman med ein kopi av dette brevet.

Nabovarsel

Søknaden må nabovarslast. Vedlagt følgjer naboliste.

Signatur

Den som har signert søknaden har ikkje signaturfullmakt, jf opplysningar om dette i einingsregisteret. Det må dokumenterast at slik fullmakt ligg føre.

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567

Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Plangrunnlaget

Kommunen kan ikkje, ut frå dokumentasjonen som ligg føre, ta stilling til om tiltaket er i samsvar med plangrunnlaget. Ytterlegare tilbakemelding i forhold til plangrunnlaget vert gitt når kart som viser den omsøkte parsellen ligg føre.

Handsaming etter anna lovverk

Tiltaket krev løyve etter jordlova. Søknaden vil verta send over til landbruksavdelinga for jordlovshandsaming når søknaden er tilstrekkeleg dokumentert.

Vidare framdrift.

Søknaden er for mangelfull til at kommunen kan ta han til handsaming. Dersom de ønskjer det vil vi kunne halde eit møte i saka for å sikra vidare framdrift. Det er ein føresetnad for å halda eit møte at de teiknar inn areala som skal delast frå på kartet som følgjer vedlagt. Når kommunen har mottatt oppdatert kart vil vi kalla inn til møte.

Vi viser i denne samanheng til møtet mellom Oster Pukk og Sand AS og kommunen som vart halde 27.04.2017 og den skriftlege orientering som vart send ut i etterkant, jf. skriv datert 12.05.2017 som følgjer vedlagt. Kommunen si vurdering i denne saka vil framleis gjera seg gjeldande.

Dersom vi ikkje har mottatt tilbakemelding innan **01.12.2018** vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Orientering etter møte 27.04.2017 - gbnr 2202 Aurdal store
Naboliste 220-2

Mottakarar:

Mottakarar:

Landbruksavdelinga
Oster Pukk og Sand AS

Eikemovegen 3 5994

VIKANES